

Sakshandsamar:

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf.: 97035449

Vår ref.

Sak nr.: 18/5628-17
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

48544/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.10.2018

Notat**Frå:** Fylkesrådmannen**Til:** Fylkesutvalet, møte 2. november 2018**NOTAT - Avhending av ikkje-aktive fiskerihamner i Sogn og Fjordane**

Som eit ledd i prosessen med overføring av eigarskap for dei statlege fiskerihamnene til dei nye fylkeskommunane (frå 01.01.2010), skal Kystverket avhende ikkje-aktive fiskerihamner.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har pr. 29.10.18 motteke 15 sakar om avhending av statlege ikkje-aktive fiskerihamner i fylket. (Mest truleg kjem det fem fleire hamner i tillegg). Dette inneber m.a. at Kystverket gjev fortrinnsrett til moglege kjøparar i følgjande prioritert rekkefølge:

1. Statlege institusjonar (vederlagsfritt)
2. Kommunale eller fylkeskommunale institusjonar (til takst)
3. Foreiningar med allmenntilgjeldende føremål (til takst)
4. Private (på den opne marknaden)

Fylkeskommunen har fått frist til hhv. 2. og 16. november (ulikt for ulike hamner) på å gje tilbakemelding til Kystverket på om det framleis er trong for statleg eigarskap. Under føresetnad av at det ikkje finst statlege institusjonar som ynskjer å overta objekta, får Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbod om å overtak eigarskapen til takst.

Kva objekt som er omfatta av avhendinga vil variere mellom dei ulike fiskerihamnene. Kvar hamn er taksert. Førespurnadene omfattar pr. 29.10.18 desse hamnene og objekta:

Namn	Kommune	Objekt	Takst (NOK)
Høyvik	Askvoll	molo 180 m + kai 15 m	350 000
Melværvågen	Askvoll	molo 60 m	150 000
Vetvik	Bremanger	1 molo 40 m lang	0
Gjerdevika	Flora	1 molo 35-40 m lang	50 000
Eide	Hyllestad	2 moloar (115 m og 70 m) + 1 allmenningsskai (25 m)	350 000
Drage	Selje	1 molo 100 m	250 000
Indre Fure	Selje	1 molo, 86 m + landingsplass	200 000
Hoddevik	Selje	1 molo, kai + båtopptrekk	250 000
Røysetstranda	Selje	moloanlegg (2 moloar 60 og 20 m + 1 mindre)	100 000
Hersvik	Solund	moloanlegg (2 moloar 50 og 110 m + del (12 m) av kai)	300 000
Steinøysundet	Solund	1 molo 120 m + 1 allmenningsskai 20 m	150 000
Storøyna	Solund	1 molo 65 m+ 1 allmenningsskai (10-15 m)	200 000

Utvær	Solund	2 moloar (10 og 50 m lange)	50-100 000
Gardsvågen	Solund	4 moloar (på 3 øyer)+ vassbehandlingsanlegg (Lyngøya)	
		Lyngøysundet molo 110 m	80 000
		Gardsvågen molo (40 m + 20 m)	40 000
		Kvaløyneset molo 30 m	50 000
		Kvaløyskjeret molo 40 m	30 000
		Vassbehandlingsanlegg; oppsamlingsbasseng + kai	20 000
Refvik	Vågsøy	moloanlegg (hovudmolo + indre molo)	200 000

Vurderingar

Det kan vere utfordringar med å klassifisere kva som er ikkje-aktive hamner. Fiskeria er sykliske, og hamner som ikkje har vore nytta i nokre år, kan kome i bruk om vandringsmønster og tilgjengeleg mengd fisk eller krabbe endrar seg.

Hamnene på lista er av Kystverket klassifisert som ikkje-aktive fiskerihamner. Kystverket har tidleg i prosessen bede Fiskeridirektoratet region vest om faglege innspel. Desse har på si side hatt kontakt med Fiskarlaget i Sogn og Fjordane, og bede desse rangere dei statlege fiskerihamnene etter kor viktige desse er for fiskeria. Fiskeridirektoratet har også sett på sporingsdata av fiske-båtar i hamnene. Dette gjeld berre båtar over 15 m, då det ikkje er sporing på sjarkflåten. Lista frå Fiskarlaget har synt seg å ikkje vere komplett og fylkeskommunen har bede Fiskarlaget om å kome med ei komplett liste, særleg med omsyn til sjarkflåten.

Fiskarlaget er uroa då fleire av dei ikkje-aktive hamnene vert nytta som nødhamner. Det er viktig, særleg for mindre fartøy, at desse har moglegheit til å finne ly under dårleg ver. Men fartøy vil alltid ha rett til å nytte hamnene i nødsfall. Dette vil vere uavhengig av eigarskap og er difor i denne samanheng ikkje ein viktig grunn til ikkje å avhende slike hamner.

Vi har avdekka at minst ei av hamnene (Gjerdevika i Flora), som står på Fiskeridirektoratet sitt innspel til Kystverket over ikkje-aktive hamner, er i bruk av sjark på blad B i fiskarmanntalet. Fylkeskommunen har initiert eit arbeid for å kvalitetssikre informasjonen slik at vi ikkje risikerer at aktive fiskerihamner vert lagt ut for sal.

I samtaler med Kystverket har vi fått presisert at ikkje-aktive hamner som ikkje vert avhenda, *ikkje* vert ein del av portefølja som fylkeskommunane skal ta over frå Kystverket. Overtakinga av statlege fiskerihamner vil gjelde berre aktive fiskerihamner.

Konklusjon

Fylkesrådmannen er ikkje innstilt på at vi skal kjøpe ikkje-aktive fiskerihamner. Vi har korkje økonomi, kompetanse eller kapasitet til å ta på oss eit slikt eigarskap.

Når det gjeld spørsmålet om vi ser at det er «trong for statleg eigarskap», har vi allereie spela inn til Kystverket i brev frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar (27.09.2018) ei rekke føresetnader m.a. med omsyn til økonomi og kompetanse for å ta over dei aktive fiskerihamnene.

Fylkesrådmannen ber om fylkesutvalet sine ev. merknader.